



# Barne-, ungdoms- og familieetaten Stavanger akuttsenter

## Bufetat

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) sine fem regionar har som hovudoppgåve å drifte etaten sine institusjonar og familievernkontor. I tillegg har regionane ansvar for fosterheimsrekruttering og oppgåver knytt til adopsjon. Barn, unge og familieane deira skal sikras riktig hjelp til rett tid uansett kvar dei bur i Noreg. Bufetat er underlagd Barne- og likestillingsdepartementet .

Bufetat, region vest favnar om fylka Sogn- og Fjordane, Hordaland og Rogaland, med regionkontor i Bergen. Stavanger Akuttsenter tek imot barn og ungdom plassert etter Lov om Barneverntenester §§4-6, 4-12 og 4-25 jf. 4-24. Vi har 2 institusjonsavdelingar med plass til totalt 8 ungdommar i alderen 13-18 år. Ungdommane bor på institusjonen inntil akuttsituasjonen er avklart. Opphaldet i institusjonen skal bidra til utgreiing og kartlegging i forhold til eventuelle vidare tiltak - og skal i snitt ikkje overstige 28 dagar.

I tillegg har senteret 79 beredskapsheimar for born i alderen 0-18 år, fordelt på to avdelingar Haugesund og Stavanger. Vi bistår heile Rogaland, samt delar av Hordaland, og tek i mot ca. 350 barn i året.

Det å jobbe i akuttetn byr på spennande utfordringar, høgt tempo og varierte oppgåver. Vi set kvalitet høgt, har et godt fagmiljø med eigne arbeidsmodellar, internt opplæringsprogram, rettleiingsprogram i regi av Bufetat spisskompetansemiljø, samt eiga fagavdeling. Vi tilbyr gode høver for utvikling, rettleiing og fagleg oppfølging i eit godt og stabilt arbeidsmiljø - i ein etat som har til målsetjing å gi det best tilgjengelege tilbodet til brukarane!

## Fagkoordinator - fast 100 % stilling

Vil du vera med på å utvikla framtidens barnevern? Ved Stavanger Akuttsenter er det ledig 100 % stilling som Fagkoordinator på avdeling Madla. Stillinga inngår i avdelinga sin turnus og inneheld både miljøterapeutiske- og overordna oppgåver. Avdeling Madla har 16 timers vakter og arbeid kvar 3 helg. I snitt utgjør dette 2-3 vakter i veka. Endringar i arbeidstid må påreknast ved behov eller organisasjonsendringar.

### Arbeidsoppgåver / ansvarsområde

- Bistå avdelingsleiar med å følge opp og vidareutvikla faglege metodar, rutinar og føringar, samt bidra til implementering via rettleiing, internkontroll og undervisning.
- Bistå avdelingsleiar med diverse administrative oppgåver.
- Moglegheit for stedfortrederansvar for avdelingsleiar.
- Samarbeid med Fagavdelinga i SAS.
- Målretta, fagleg og miljøterapeutisk arbeid i tråd med traumbasert omsorg.
- Hovudkontaktarbeid - herunder; utarbeiding av handlingsplanar, risikovurderingar, kartleggingar, møteverksemd og framdrift.
- Ansvar for å sikre god medverknad.
- Samarbeid med foreldre/føresette, sosialt nettverk, kommune, inntak og oppfølging, skule og andre viktige samarbeidspartnarar.
- Rapportskriving og anna skriftleg dokumentasjon.
- Motivera, tryggja og engasjera ungdommane i positive aktivitetar.
- Praktiske oppgaver på avdelinga.

### Kvalifikasjonar

- For tilsetjing som Fagkoordinator er det krav om treårig relevant høgskuleutdanning tilsvarande 180 studiepoeng som barnevernspedagog, sosionom eller vernepleiar, samt relevant vidareutdanning tilsvarande 60 studiepoeng. Det er ynskjeleg med vidareutdanning i rus/ psykiatri/ miljøterapi eller liknande, samt formell kompetanse og/ eller solid erfaring med rettleiing.
- Det er vidare ynskjeleg med lang erfaring frå institusjons- og akuttarbeid med born og unge, traumebevisst omsorg, samt høg barnevernfagleg forståing, og god kompetanse skriftleg og på IT.
- Personlege eigenskapar vert vektlagt høgt. Det er høge krav til sjølvstende, struktur, oversikt og evne til å vidareutvikla arbeidsprosessane i senteret. Førarkort for personbil.

### Kven søker vi?

- Vi søker deg med høg barnevernfagleg kompetanse som ynskjer å bidra til å vidareutvikla senterets metodar, rutinar og personalets kompetanse til beste for borna som bur her.
- Du er sjølvstendig, trygg og sikker i rettleiingssituasjonar og har evne til å oppretthalde ein god struktur, systematikk, oversikt og eit fagleg perspektiv.
- Du er fleksibel, trivs med store utfordringar og har høg arbeidskapasitet.
- Du ser medverknad og samarbeid med familie, nettverk og andre samarbeidspartnarar som ein viktig del av arbeidet.

### Vi tilbyr

- Stillinga er plassert i statleg lønnsregulativ i stillingskode 1494 sosionom, 1495 barnevernspedagog eller 1508 vernepleiar, lønnsramme 15, alt. 3-11, p.t. kr 371 500-515 200 pr. år (lønnstrinn 38-59). Ved relevant vidareutdanning kan stillinga plasseras i kode 1534 spesialutdanna miljøterapeut i lønnsramme 18, alt. 3-11, p.t. kr 397 200-555 100 pr. år (lønnstrinn 43-63) . Løn og stillingskode vert vurdert etter utdanning og erfaring.
- Medlemskap i Statens Pensjonskasse jf. Lov om Statens Pensjonskasse, som inneber ei god tenestepensjonsordning, tilbod om bustadlån til gunstig rente og yrkesskade- og gruppelevsforssikring.
- Opplæringsprogram, rettleiing og arbeid på ein institusjon i fagleg utvikling. Ein spanande kvardag kor utvikling og fagleg fokus står i sentrum, blanda med spennande utfordringar i eit godt samarbeidsmiljø.

### Generelle opplysningar

- Staten legg vekt på mangfald på arbeidsplassen og oppfordrar kvalifiserte kandidatar til å søkja - uavhengig av alder, seksuell orientering, kjønn og kjønnsidentitet, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Bufetat har som personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttera personar med fleirkulturell bakgrunn.
- Stillinga er for tida lagt til Stavanger Akuttsenter avd Madla, men endringar i avdelingstilhørigheit må kunna påreknast.
- Det er krav om ny politiattest ved tilsetjing, jf. lov om barnevern § 6-10 og forskrift om politiattest § 6. Denne attesten skal ikkje leggjast ved søknaden.
- Vi gjer oppmerksom på at opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført opp på søkjarlista, jf. Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova), § 25.

#### **Kontaktpersonar for stillinga**

Bernt Magne Egeland, leder SAS, tlf: 46619333, [bernt.magne.egeland@bufetat.no](mailto:bernt.magne.egeland@bufetat.no)

#### **Søknad med CV vert å senda elektronisk via lenkje på denne sida.**

Vitnemål og attestar skal takast med ved eit evt. intervju.

**Søknadsfrist: 31.01.2019**

Jobbnorge-ID: 162795, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut